



Hera Eiendom AS
Stølen 37
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1370 - 18/35587

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:
27.11.2018

Godkjenning av seksjonering gbnr 123/100

Administrativt vedtak. Saknr: 645/18

Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for sameiet Stornesvika gnr.123 bnr 100 i Lindås kommune, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar med lik sameigebrøk- ½ kvar. Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 123/100 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer.



Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7000,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Saksutgreiing

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 123/100 i Lindås, med adressene Stornesvika 5A og 5B.

På eigedommen er det oppført og gitt ferdigattest til vertikaldelt 2- mannsbustad, der kvar buening skal utgjera kvar sin bustadseksjon. Tomannsbustaden går over 2 plan og kvar buening har eigen ytre inngang med tildelt offisiell adresse. Seksjonane er klart avgrensa mot kvarandre med delelinje midt i bygget.

Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppen er fellesareal for dei 2 seksjonane.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet Stornesvika gnr.123 bnr 100 i Lindås kommune.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av bygget. Kommunen har påført seksjonsnummer på situasjonskartet.
- Planteikningar av tomannsbustaden- 2 plan, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive- seksjonsnummer er påført av kommunen.
- Vedtekter for sameiet Stornesvika gnr.123 bnr 100 i Lindås kommune, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er sendt inn og signert av Henning Knutsen som er styreleder i firma som eig eigedommen HERA Eigedom AS.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hera Eiendom AS

Stølen 37

5911

ALVERSUND